


GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

KYRKJEVERJA

29. august 2008

Arkivkode:001/ kd



Til Kultur og Kirkedepartementet,
Postboks 8030, Dep.

0030 O S L O

Høring – innstilling Styrka demokrati i Den norske kyrkja

Alt demokratiarbeid er viktig, og spesielt for den norske kyrkja er denne prosessen viktig. Den grip inn i heile vår organisasjon. Det er difor viktig at ei innstilling som denne burde kunne gjerast kortare og enklare. Dette er eit av våre demokratiske problem. Utgreiingar og skriv vert så store og tunge at våre folkevalde ikkje har tid til å lese og kommentere desse skriva. Sokneråda og fellesråda som er våre viktigaste råd / organ har ikkje ressursar til å handsame store mengder med administrative oppgåver. I tillegg til ressursane er sommarperioden ei feil tid å be om ein høyringsuttale. Vi vil likevel kome med nokre merknader til innstillinga.

Val i 2011

Ein er ikkje udelt positiv til at det skal gjennomførast val både i 2009 og 2011. Valet bør vere på same tid som stortingsvalet. I mindre kommunar vert det vanskeleg å kombinere med kommunevalet. Aktiviteten er då så stor på lokalplan at soknerådsvalet vil drukne.

Tilskot

Tilskotet på kr 1,- pr medlem som adm.tilskot er ei skam. Ein kan ikkje kalle dette er ei satsingsperiode med så små resurssar..

Demokrati blant tilsette

Det er ei ulogisk skeivfordeling mellom vigsla og ikkje vigsla si deltaking i bispeval. Det er også ei ujamn vekt på tilsette hjå fellesråd og bispedøme på Dette har med demokratibygging å gjereog bør tilleggast stor vekt.

Kurs for rådsmedlemmer

Kurs for nye rådsmedlemmer bør styrast av fellesråda i samarbeid med bispedømet sine kurs. For å få dette til bør det leggast ein økonomisk pot i valøkonomien som også dekker kurs for folkevalde organ.

Rådsbok for folkevalde

Ved kvart val vert det laga ei bok for soknerådsmedlemmer av kyrkjerådet, og ei anna bok for fellesrådsmedlemmene av KA. Dette bør samkøyrast, og lage i bok i fellesskap. Det bør vere ei informativ og enkel bok.

Frikjøp av rådsmedlemmer

Frikjøp av sokneråds – og fellerådsleiarar vil vere eit godt grep, men det må ikkje vere knytt til dei største råda. Store råd har som oftast meir ressursar enn små råd. Ein leiar i eit lite råd må «vere både prest , klokkar og adminidtrator» og alt dette på fritid. Det er så krevjande at dei som driv privat næringsverksemd ikkje har råd til å vere aktiv deltakarar i kyrkja.

Elektronisk stemmegjeving

Elektronisk stemmegjeving vil vere eit positivt tiltak.

Valdag

Felles valdag for heile landet vil vere viktig. Dersom den vert lagt på same dag som stortingsvalet vil det fungere godt. Den må ikkje leggest på same dag som kommune- fylkestingsvalet. Då vil soknerådsvalet drukne.

IFO / PR

Informasjon og PR er viktig og må få høg prioritet.

SLUTTORD

Vi vil kome med honnør til arbeidsgruppa for å ha kome med konstruktive forslag til å styrke valdeltakinga ved kyrkjelege val. Demokratibygging er ofte ein møysommeleg og kostbar prosess. Det er viktig at dei lokale einingane får så mykje ressursar tilført at lokaldemokratiet får virke.

Med helsing

Gloppen krk. fellestråd



Kurt Djupvik
- kyrkjeverge -